

Rettleiar ved bekymring for

# RADIKALISERING OG VALDELEG EKSTREMISME

Samarbeid mellom Aukra kommune, Møre og  
Romsdal politidistrikt og RVTS midt.



Aukra kommune



POLITIET



# **INNHOLD**

## **KUNNSKAP**

- 4      Om rettleiaren
- 6      Forklaringar og sentrale begrep

## **FØREBYGGING**

- 8      Korleis førebygge radikalisering  
og valdeleg ekstremisme
- 9      Moglege bekymringsteikn
- 10     Risikofaktorar for radikalisering
- 11     Vegar ut av radikalisering

## **TILTAKSDEL**

- 12     Kva gjer eg ved bekymring?
- 12     Kontaktinformasjon
- 16     Moglege tiltak
- 17     Organisering og tverretatleg samarbeid
- 18     Teieplikt og avvergelsesplikt
- 19     Aktuelle nettsider,  
informasjon og lenker
- 22     Viktige telefonnummer

Kontaktinformasjon finn du på baksida.

**“ Det hviler et ansvar på hver enkelt av oss i forebyggingen av radikalisering og voldelig ekstremisme.“**

Statsminister Erna Solberg

# KUNNSKAP

## Om rettleiaren

Regjeringa ønsker ein brei innsats for å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme, og alle kommunar er av regjeringa oppfordra til å lage eigne lokale rettleiarar.

Førebygging av radikalisering og all form for valdeleg ekstremisme er ei viktig samfunnsoppgåve som må styrkast og utførast på tvers av samfunnssektorar og fagområde. Arbeidet er sentralt for å sikre grunnleggande verdiar som demokrati, menneskerettigheter og tryggleik.

Med denne rettleiaren ønsker Aukra å løfte arbeidet med å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme. Rettleiaren er meint å gje informasjon om korleis ein kan møte, førebygge og følge opp radikalisering og utvikling av valdeleg ekstremisme. Rettleiaren skildrar ei handlingsløype frå bekymring til handling, frå dei lokale og relativt enkle tiltaka, til tyngre innsatsar i tverrfagleg samarbeid med relevante aktørar. Den skal gjer det enklare å gje rask respons når utfordingar oppstår.

Målgruppa er tilsette i skolen, barnevernet, politiet, helsevesenet, kultur og fritid m.m. Rettleiaren rettar seg primært mot aktørar i førstelina, men den er også retta mot sivilsamfunnet. Det kan vere føresette, familiemedlemmar, vene, naboar, kollegaer og/eller nokon i foreiningar, meinigheita eller fritidsarenaen som er bekymra over aukande grad av radikalisering hos eit barn eller ein ungdom/vaksen.

Målet er å fange opp personar i risikosona så tidleg som mogleg og møte dei med tiltak som verkar. Tidleg innsats krev kunnskap om risikofaktorar og kunnskap om teikn på radikalisering. Det kan vere ulike grunnar til at personar blir radikalsert og er villige til å ty til vald for sine synspunkt. Ved å gripe inn tidleg i ein radikaliseringssprosess vil ein kunne auke sannsynlegheita for å lukkast med å snu ei uheldig utvikling.

I rettleiaren finnst faktainformasjon, sentrale omgrep, tips om bekymringsteikn og risikofaktorar, informasjon om førebygging og moglege tiltak, litteratur, lenker og kontaktpersonar.

Rettleiaren er utarbeidd i samarbeid mellom Aukra Kommune, Møre og Romsdal politidistrikt, RVTS midt og Molde kommune. Under utarbeidinga har vi sett til Regjeringa sin handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme, rettleiaren til Tromsø kommune 2018 og rettleiaren til Molde kommune 2016.

Rettleiaren blir oppdatert ved behov. Dette er nødvendig for å kunne følgja utviklinga og endringar i trusselbildet. Kvalitets-sikringa av arbeidet vil mellom anna skje ved at plana vert evaluert og loggført med eventuelle revideringar.



**Arbeidet er sentralt for å sikre  
grunnleggande verdiar som  
demokrati, rettigheiter og  
tryggleik.**

# Forklaringsar og sentrale begrep

(Kilde: Regjeringa sin handlingsplan, det norske akademis ordbok, plattform.no)

## Radikalisering

Radikalisering er ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vold for å nå sine politiske, ideologiske og/eller religiøse mål.

Det er eit viktig skilje mellom radikalisering og det å vere radikal. Det er verkemiddelet, altså viljen til å bruke vold, som er sentral ved radikalisering. Radikalisering og valdeleg ekstremisme kan skje innan alle typar ideologiar eller politiske retningar, noko vi har sett både i Noreg og resten av Europa.

Radikaliseringprosessen kan samanliknast med å vere i ein tunell, der individet blir eksponert for eit snevert og einsidig syn på verda. Kan gå føre seg gjennom fysiske og virtuelle møter/møteplassar.

Prosessene kan vere svært kompleks, med mange faktorar som spelar inn, eller ein meir enkel prosess der nokon få faktorar blir avgjerande.

## Valdeleg ekstremisme

Blir her forstått som aktiviteten til personar og grupperingar som er villige til å bruke vold for å nå sine politiske, ideologiske eller religiøse mål.





## Ekstremisme på internett

Internett er ein sentral faktor i radikalisering og hatkriminalitet, og det finnst ei rekke opne og lukka ekkammer på internett. Ein radikaliseringsprosess inneber nesten alltid søken etter kontakt på internett.

## Ekkammer

Det at informasjon og meininger blir gjentekne og forsterka innan ei gruppe, eit medium, utan diskusjon med dei som har andre synspunkt.

## Hatkriminalitet

Blir her forstått som straffbare handlingar som heilt eller delvis er motiverte av negative haldningar til ein person eller gruppa sine faktiske eller oppfatta etnisitet, religion, politiske tilhørsle, seksuelle orientering,

kjønnsuttrykk eller nedsette funksjons-  
evne. Valdeleg ekstremisme er den mest  
ytterleggåande forma for hatkriminalitet.  
Kriminalitet som heilt eller delvis er motivert  
av fordommar mot personar sin faktiske  
eller oppfatta gruppertilhørsle.

Med gruppe meiner ein her rase, religion,  
seksuell orientering, kjønnsuttrykk og/eller  
nedsett funksjonsevne.

## Utanforskap

Utanforskap eller sosial eksklusjon, kan her  
forståast som individuelle og strukturelle  
mekanismer eller barrierer for deltaking på  
ulike arenaer. Forskjellar i helse, utfordrin-  
gar med rus, psykiske lidingar, lav deltaking  
i fritidsaktivitetar, prestasjonspress,  
forskellar i økonomi og dessutan ulike  
mogelegheter for å følgje utdanningsløp og  
skaffe seg jobb, er eksempel på tilhøve som  
kan føre til utanforskap.

# FØREBYGGING

## Korleis førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme

Kjerna i førebygging av radikalisering og utvikling av valdeleg ekstremisme er den same som for førebygging av mellom anna skolefråfall, rusproblematikk og mange former for kriminalitet. Prinsippet om tidleg innsats gjeld spesielt her. Det handlar om at vi på alle område i samfunnet må arbeide for å motverke ekskludering i kvardagslivet til alle barn og unge. Vi må arbeide aktivt for å forhindra at nokon føler at dei står på utsida av det store fellesskapet, og det er viktig at det førebyggande arbeidet blir gjort på ein måte som ikkje bidreg til stigmatisering og generalisering på bakgrunn av kjønn, etnisitet eller religion.

Førebygging krev heiltheitleg tenking og innsats på tvers av samfunnssektorar. Det kan nyttast ei rekke metodar, tiltak og tenester innanfor ulike sektorar. Det er summen av dei førebyggande tiltaka mot kriminalitet, hatkriminalitet og valdeleg

ekstremisme som gjev resultat.


Det finst ingen fasit i førebyggande arbeid, heller ikkje i det førebyggande arbeidet mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Det er samansette faktorar som gjer at ein person er i faresona for radikalisering, og det kan vere fleire moglege teikn som gjev grunn til bekymring. Det er behov for fenomenunnskap, det vil seie informasjon om kva slags åtferd og kva haldningar som gjev grunn til bekymring for ei radikalisering som kan føra til hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme.

Under kjem ei oversikt over moglege bekymringsteikn, risikofaktorar og motivasjonsfaktorar som personar i faresona kan ha. Lista er ikkje utfyllande.




# Moglege bekymringsteikn

Bekymringsteikn er teikn som kan vise til ein bevegelse mot radikalisering. Eit av teikna åleine treng ikkje å bety nocko, men fleire saman kan gje grunn til bekymring.




## Utsegn

- Støtte og trussel til terror og politisk/religiøs/ideologisk vald
- Fiendebilde- polarisert oss og dei
- Konspirasjonsteoriar
- Hatretorikk eller dehumaniserande uttrykk
- Intoleranse for andre sine synspunkt og tru på absolute løysingar



## Interesser/utsjånad/symbolbruk

- Større endringar i utsjånad, klesdrakt m.m. i løpet av kort tid
- Nytta symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Sluttar på skolen, fritidsaktivitetar m.m.- Gradvis isolasjon



## Aktivitetar

- Oppatt av ekstremisme på internett og sosiale media
- Deltek på valdelege demonstrasjonar
- Hatkriminalitet
- Reiseverksem til konfliktområde og kontakt med ekstremistar



## Venner og sosialt nettverk

- Endrar nettverk og omgangskrins
- Gradvis fysisk isolasjon og større internettaktivitet
- Har kontakt med personar og grupper som er kjent for ekstremisme
- Har kontakt med grupper der det blir utøvd truslar, vald, og eller annan kriminell verksem
- Ønske om å bli medlem i ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar

# Risikofaktorar for radikalising

## Risikofaktorar

Risikofaktorar er faktorar i eit individ sin bakgrunn som kan vere med på å gjere vedkommende meir utsett for radikalising, rus eller anna kriminalitet.

### Personlege faktorar



- Marginalisert/diskriminert
- Opplevd meiningslausheit og psykisk uhelse
- Manglar/søker tilhørsle
- Traumatiske opplevelingar
- Individuell sårbarheit
- Plutselege store personlege omveltingar – Brot i nære relasjonar

### Sosiale faktorar



- Manglar/søker tilhørsle
- Marginalisert ungdom
- Opplevd diskriminering
- Negativ påverking av vener
- Liten/ingen deltaking i fysiske sosiale fellesskap
- Utan arbeid og skole
- Deltaking i ekkokammer

### Familiemessige faktorar



- Radikalising hos vener, familie eller slekt
- Vald eller anna omsorgssvikt
- Dårleg samspel i familiien

### Ideologiske og kulturelle faktorar



- Søke etter tilhørsle i ekstreme nettfora
- Legitimering og rettferdiggjering av vald for å nå mål
- Sympati for absolutte løysingar, til dømes avskaffing av demokrati
- Konspirasjonsteoriar
- Fiendebilde – oss mot dei
- Ekstremistiske førebilde
- Føler at eigen religion, kultur, land, nasjonalitet mm. er truga

## Vegar ut av radikalisering

Vegen ut av ei radikal gruppe kan opplevast som ei krise fordi ein mistar all tilhøyrslle og skal bygge opp eit liv utan det gamle nettverket. Ingen endringsprosessar er like, og tilbakefall kan førekomme.

Ein radikalisert person vil normalt sett ikkje kunne snu på eigahand, derfor er det viktig med råd og rettleiing frå erfarne personar. Det å skape eit nytt nettverk vil vere ei av utfordringane. Vener kan bli ein svært vesentleg faktor i prosessen. Vener tilbyr ein stabilitet og ei kjensle av å vere med likesinna.

### Faktorar for vegar ut av radikalisering



Unngå fordømming og sanksjonar – dialogbaserte tiltak verkar betre

Ønske om eit normalt liv (jobb, familie, vener)

Hald jamnleg kontakt for å støtte på vegen

Tilby praktisk hjelpe i kvardagen, samtale er ikkje alltid nok

Vegen ut kan vere lang og kronglete – ver tolmodig

Små positive endringar kan få stor betydning

Ambivalens kan skape motivasjon til forandring

Utforsk tvil og drøft alternative løysingar

Nye relasjonar oppstår ikkje av seg sjølv. Du kan hjelpe

Tilbod om alternative fellesskap og nettverk blir viktig

# TIKTAKSDEL

## Kva gjer eg ved bekymring?

Dersom du er bekymra for at ein person er i ein radikaliseringssprosess, er det ei rekke ressursar og instansar du kan støtte deg til i kommunen og hos lokalt politi. Det skal vere ein låg terskel for varsling ved bekymring. Her er nokon forslag til handtering, både som privatperson og som tilsett.

### Kontaktinformasjon

#### Radikaliseringskontakt i Aukra kommune:

Bente Rishaug (Rettleiar i NAV) **tlf: 413 44 697**

Rita Rydheim (SLT-koordinator) **tlf: 482 16 755**



#### Politiet:

Politiet sine kriminalitetsførebyggjarar ved Molde politistasjon

**Tlf: 02800**

#### Naudtelefon: 112

Politiet sitt tipsmottak: <https://tips.politiet.no/web/>

Se elles kontaktinformasjon og viktige telefonnummer i rettleiaren på baksida.

Sjå s.19 for fleire gode nettsider om temaet.

## Trinn i handtering av bekymring for privatpersonar

Er du privatperson og er bekymra for aukande grad av radikalisering hos ein ven, ein nabo, ein kollega, eit barn, ein forelder, familiemedlem, nokon i di foreining, ditt trussamfunn eller på anna fritidsarena, kan du gjere følgande:

Trinn	Handling	Ansvarleg
<b>1</b> Kartlegg bekymringa	Ta bekymringa på alvor. Gjer klart for deg sjølv kva du er uroleg for, noter ned dei bekymringsteikn og risikofaktorar som gjer deg uroleg. Vær så konkret som mogeleg.	Du som privatperson
<b>2</b> Rådfør deg	Framleis bekymra? Rådfør deg med kommunen sin radikaliseringkontakt eller politiet.	Du som privatperson Kommunen sin radikaliseringkontakt Politiet sine kriminalitetstførebyggjarar
<b>3</b> Bekymring om nært føreståande handling	Kontakt politiet direkte på telefon <b>112/02800</b> viss det gjeld: <ul style="list-style-type: none"><li>• opplysningar, mistanke eller konkret kunnskap om nokon som planlegg valdeleg ekstremisme</li><li>• opplysningar om utreise av framandkrigargar eller støtte til terrororganisasjonar</li></ul>	Du som privatperson Politiet sin operasjonsentral
<b>4</b> <b>Naudsituasjon</b>	<b>Ved naudsituasjon, ring 112</b>	<b>Du som privatperson</b>

## Trinn i handtering av bekymring for tilsette

Er du tilsett ved skole, barnevern, NAV, psykisk helse, barne- og ungdomstenester, barnehage, mottak, fritidsklubb, eller andre tenester der du har kontakt med barn, unge eller voksne som du er bekymra for, kan du gjere følgande:



**Kontakt politiet dersom du har mistanke om at ein person er på veg til å reise ut som framandkrigar eller å sette i verk valdeleg ekstremisme.**

Trinn	Handling	Ansvarleg
1  Kartlegg situasjonen og søk etter kunnskap om temaet	Gå i dialog med personen, undersøk med opne, nysgjerrige spørsmål.	Tilsette ved einingane
2  Drøft/meld bekymringa	Viss du framleis er bekymra drøft bekymringa med kommunen sin radikaliseringskontakt. Ved behov drøftast saka vidare med lokalt ressursnettverk eller politi.	Tilsette i eininga  Kommunen sin radikaliseringskontakt  Politiet
3  Førebyggande samtale med den ein er bekymra for	I det tverretatlege samarbeidet drøftast det kven som er mest eigna til å ta ein samtale med vedkommande. Målet er å avklare alvorlegheit og finne ut korleis ein eventuelt kan hjelpe vedkommande på vegen ut.	Kommune  Politi  Andre
4  Utnemning av mentor	Gjennom felles drøfting i nettverket utnemnast mentor som skal ha ansvar for å rettleie/støtte aktuelle instansar der dette er aktuelt.	Einingsleiar  Ressursnettverket

# 5

Tverrfagleg samarbeid og oppfølging

Klargjer kven som er ansvarleg for den vidare koordinering og oppfølging.

Utarbeiding og oppfølging av IP for tverrfagleg innsats.  
Tiltak i IP skal leie til deeskalering av situasjonen.

Aktørane på tvers av einingar og forvaltingsnivå.

Føresette til mindreårige personar eller verje.

Utnemnd mentor i saka deltek ved behov.

RVTS midt

# 6

Oppfølging av personar som har delteke i terrorhandlingar i utlandet (framandkrigaranar)

Når ein framandkrigar kjem attende, er det kommunen vedkommande bur i som er ansvarleg for å følge opp personen.

Aktuelle fagpersonar, spesialisthelsetenesta og **Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS)** vil her vere naturlege støttetenester.


Føresette til mindreårige personar

Verje

Tillitspersonar

RVTS midt

Aktuelle instansar



## Moglege tiltak

Det kan nyttast ei rekke metodar, tiltak og tenester innanfor ulike sektorar og på tvers av forvaltingssystem i arbeidet med å førebygga kriminalitet. Her blir nokre relevante metodar og tiltak omtalte:



**Dialog** som metode er bra for å førebygga valdeleg ekstremisme. Metoden blir òg nytta i anna kriminalitetsførebyggande arbeid blant barn og unge, i kommune og politi. Dialog kan gi gode relasjoner, forståing og respekt, som igjen kan sikre god førebygging, endring og tryggleik, utan ekstremisme. Å gå i dialog betyr å innleie eit samband eller forhandlingar, i håp om å oppnå forsoning eller oppklaring.

---



**Mekling og forsoning.** Konfliktar bør følgjast opp med mekling og forsoning mellom partane, gjennom eksempelvis skolemekling, konfliktråd m.m.

---



**Foreldrerettleiing og nettverk** kan etter behov etablerast lokalt, regionalt eller sentralt.

---



**Tett oppfølging.** Oppfølgingstenestene i kommunen følgjer opp ungdommar og voksne med rus, psykiske og sosiale utfordringar, og kan gi tett oppfølging av den enkelte over tid.

---

# Organisering og tverretatleg samarbeid

**SLT (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak)** er ein samordningsmodell der Aukra kommune og Molde politidistrikt har samordna seg om kriminalitetsførebyggande arbeid blant barn og unge i alderen 0-23 år. Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme er ein del av dette arbeidet.

**SLT-koordinatoren** i Aukra kommune kan kontaktast dersom du er bekymra for t.d. hatytringar eller ekstreme miljø blant ungdom.

**Politiet sine kriminalitesførebyggjarar** ved Molde politistasjon kan bistå med eit breitt spekter av kriminalitetførebygging. Dei kan og bidra med førebyggande arbeid mot radikalisering og valdeleg ekstremisme.

**Radikaliseringskontaktane** i Aukra kommune er knytt opp til Molde kommune sitt nettverk for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme. Nettverket blir kalla "ressursnettverket" og drøftar problemstillingar og saker anonymt for å finne beste handtering av situasjonen.


**Radikaliseringskontakten** i Møre og Romsdal politidistrikt er eit kontaktpunkt ved bekymring om radikalisering

og valdeleg ekstremisme, og kan gi råd/rettleiing og vidareformidla førespurnader til rette instans.

**RVTS midt (Regionalt ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging)** er eit ressurssenter lokalisert i Trondheim, som jobbar tverrfagleg og skal bidra med kunnskap, rettleiing, og kursing om vald og overgrep, flyktinghelse, traume, sjølvmordsførebygging og førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme.

**Politirådet** er eit formalisert samarbeid mellom kommunen og lokalt politi, der nokre hovudmål er kriminalitetsførebygging og tryggleik i lokalsamfunnet. Radikalisering og valdeleg ekstremisme har òg vore tema på møte, og vil bli følgjt opp.

**PST (Politiets sikkerheitsteneste)** er ein særskild polititeneste direkte underlagt justis- og beredskapsdepartementet. PST har mellom anna som oppgåve å førebygga og motverka politisk motivert vald frå enkeltpersonar eller grupper. Lokalt politi har kontakt med PST ved behov.



## Teieplikt og avvergingsplikt

Dersom du er offentleg tilsett, gjeld det same lovverk når det gjeld samarbeid som alle andre saker der fleire samarbeidspartnarar er involverte. Lovverket til den enkelte teneste må takast omsyn til ved deling og lagring av informasjon. Reglar for sensitive personopplysningar kan vere relevante. Ein person si politiske og/eller religiøse oppfatning er å sjå på som ei sensitiv personopplysning, jamfør personopplysningslova § 2. Eit samarbeid bør bygga på anonymisering eller eit samtykke.


Hugs at du som offentleg tilsett har plikt til å hindra alvorlege lovbroter (som terror, drap, ran, vald i nære relasjoner, seksuelle overgrep m.m.) som går føre lovgivinga om teieplikt.

### **Avvergingsplikta i Straffeloven § 196 heiter det:**

«Med bot eller fengsel inntil 1 år blir straffa den som lèt vere gjennom melding eller på

*annan måte å søka å hindra ei straffbar handling eller følgja av ho, på eit tidspunkt då dette framleis er mogleg og det verkar sikkert eller mest sannsynleg at handlingar er eller vil bli begått».*

Som privatperson, er du ikkje bunde av same regelverk i høve til teieplikt. Avvergingsplikta er likevel den same for offentleg tilsette og privatpersonar, fordi alle har eit ansvar for å bidra til at kriminelle handlingar blir stoppa. Lovbrota som blir omfatta av plikta blir kjenneteikna ved at dei utgjer ein fare for liv og helse, og gjeld fram til lovbrotet eller følgja av ho kan førebyggast.





## Aktuelle nettsider, informasjon og lenker

### **Nettressurs om radikalisering og valdeleg ekstremisme - konfliktrådet**

KS samarbeider tett med «Sekretariatet for konfliktrådene» (Sfk). Sfk har nå laga ein nettressurs for kommunar som utarbeider planer og tiltak for å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme. Her finn du også gode døme på kva ulike kommunar har gjort, til inspirasjon for dei som enno ikkje er i mål.

<https://konfliktraadet.no/radikalisering-og-voldelig-ekstremisme/>

### **Radikalisering - Regjeringen.no**

Departementa si nettside med informasjon om radikalisering og valdeleg ekstremisme. Nettsida er for deg som ønsker hjelp, råd, eller kunnskap om radikalisering og valdeleg ekstremisme. Den kan vere nyttig for tilsette i skolar, barnevern og politiet, eller for andre som jobbar med ungdom, foreldre og dei unge sjølv.

Du finn nettsida her:

<https://www.regjeringen.no/no/sub/radikalisering/id2001759/>

## **Kunnskapsportalen om radikalisering og valdeleg ekstremisme – RVTs**

Kunnskapsportalen radikalisering og valdeleg ekstremisme – prosesser inn og vegrar ut er ein del av regjeringa si handlingsplan mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. Portalen er utarbeidd av RVTs Øst i samarbeid med Helsedirektoratet, Kriminalomsorga og Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP).

Nettsida finn du her:

<https://utveier.no/>

## **Førebygging av terrorisme og annan kriminalitet - rapport**

Tore Bjørgo, professor ved Politihøgskolen, har gitt ut ein kortfatta rapport: Førebygging av terrorisme og annan kriminalitet, der han presenterar strategiar og ein heilheitleg modell for førebygging av terror, valdeleg ekstremisme og kriminalitet.

Du finn rapporten her:

<https://phs.brage.unit.no/phs-xmlui/bitstream/handle/11250/175076/forebygging%20av%20terrorisme.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

## **Alvorlege hendingar i utdanningsinstitusjonar - rettleiar**

Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet gav ut rettleiaren hausten 2013.

Du finn rettleiaren her:

<https://www.udir.no/globalassets/filer/læringsmiljo/veileder-i-beredskap-alvorlige-skolehendelser-bokmaal.pdf>

## **Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett – rapport**

Rapport frå Politihøgskolen som gir innsikt i betydinga av internett og sosiale medium når det gjeld radikalisering. Mykje tyder på at internett kan redusera avstanden mellom tanke og handling.

Du finn rapporten her:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/43716ef78a2b410c9e9fb8601dff0216/report\\_forebygging-rad-eks.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/43716ef78a2b410c9e9fb8601dff0216/report_forebygging-rad-eks.pdf)

## **Det kan skje igjen – rapport**

Rapporten kjem med forslag til korleis skolen systematisk og heiltheitleg kan arbeida mot rasisme, anti-semittisme og diskriminering på bakgrunn av eleven sin etniske, religiøse og kulturelle tilhørsle. Rapporten blei lagt fram av ei arbeidsgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet i 2011.

Du finn rapporten her:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/eidsva-gutvalget/eidsvag\\_rapport\\_det\\_kan\\_skje\\_igjen.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/grunnskole/eidsva-gutvalget/eidsvag_rapport_det_kan_skje_igjen.pdf)

## **Førebygga og avdekka kriminalitet på internett og sosiale medium – rettleiar**

Unge sin nettbruk er omfattande. Mobbing, hatefulle ytringar, truslar, lovbro og nettekstremisme førekjem. Salto, Oslo kommune, har laga ein rettleier i 2017, som har som mål å førebygga, følgja opp mobbing, kriminalitet og overgrep i tilknyting til internett og sosiale medium.

Sjå rettleier:

<https://www.oslo.kommune.no/getfile.php/13214865-1493903989/Tjenester%20og%20tilbud/Politikk%20og%20administrasjon/Prosjekter/Salto%20-%20sammen%20lager%20vi%20et%20trygt%20Oslo/2%20Forebygging%20av%20kriminalitet%20p%C3%A5nettet/Veileder%20-%20Hvordan%20forebygge%20og%20h%C3%A5ndtere%20mobbing%2C%20overgrep%20og%20kriminalitet%20p%C3%A5nettet.pdf>

## **Tips politiet - Politiet**

Politiets si tipslinje for menneskehandel, rasistiske ytringar på nett, radikalisering og valdeleg ekstremisme.

<https://www.politet.no/tjenester/tips-politet/>

## **RVTS Midt – Ressurssenter om vald, traumatiske stress og sjølvmordsførebygging**

<https://rvtsmidt.no/>

## **Plattform - Norsk institutt for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme**

<https://www.plattform.no/>

## **Barnevakten**

<https://www.barnevakten.no/skole/ekstremist/>

## Viktige telefonnummer



### Radikaliseringkontakt i Aukra kommune:

Bente Rishaug (rettleiar i NAV)  
**tlf: 41 34 46 97**

Rita Rydheim (SLT-koordinator)  
**tlf: 48 21 67 55**

SLT-koordinator i Aukra kommune  
**tlf: 48 21 67 55**

Aukra kommune  
**tlf: 71 17 15 00**

Barnevernsvakta i Molde,  
**tlf: 97 60 16 16**

Barnevernstenesta i Molde  
Vestnes og Aukra, meldingstelenen  
**tlf: 71 11 16 00**

Molde politistasjon sine  
kriminalitetsførebyggjarar, [www.politiet.no](http://www.politiet.no),  
**tlf: 02800**

Radikaliseringkontakt ved  
Møre og Romsdal politidistrikt  
**tlf: 02800**

### Naudsituasjon - ring 112

RVTS midt ([rvts@stolav.no](mailto:rvts@stolav.no))  
**tlf: 72 82 20 05**

Alarmtelefonen for barn og unge  
**tlf: 116 111 (gratis)**

PST - Politiets tryggingsteneste  
([post@pst.politiet.no](mailto:post@pst.politiet.no))  
**tlf: 23 30 50 00**

Politiets sitt tipsmottak:  
<https://tips.politiet.no/web/>

